

VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I FINNØY.

..... barnehage

1. LOV OG RETNINGSLINJER.

Alle barnehagar skal ha vedtekter fastsett av eigaren (§ 15 i bhl.). For private barnehagar, som ikkje har utarbeidd egne vedtekter, gjeld dei kommunale vedtektene. Vedtektene skal vera i samsvar med barnehagelova (bhl.), og innehalda retningslinjer som barnehagen skal arbeida etter.

Vedtektene skal etter lova omhandla

- a) eigarforhold
- b) føremål, dersom eigar ynskjer særskilde føresegner om livssynsføremål etter § 1 fjerde ledd i bhl.
- c) evt. reservasjon frå § 1 andre ledd i bhl.
- d) opptaksinstans
- e) opptakskriterier
- f) opptaksperiode og oppseiingsfrist
- g) kven som fastset foreldrebetalinga
- h) leike- og opphaldsareal pr. barn
- i) opningstida i barnehagen.

I kommunale barnehagar er det Formannskapet som fremjar forslag til vedtekter overfor kommunestyret. Formannskapet skal sjå til at vedtektene til ei kvar tid er i samsvar med lov og føresegner, og kommunale vedtak.

2. FØREMÅL.

Barnehagen skal leggja tilhøva til rette for gode utviklings- og aktivitetstilbod for førskuleborn, og hjelpa heimen med å gje borna gode oppvekstvilkår. Verksemda skal vera i samsvar med gjeldande rammeplan, og kommunen sin pedagogiske plan, med høve til lokale tilpassingar.

”Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane” *barnehagelova §1.*

3. EIGARFORHOLD OG TILSYN.

..... barnehage er eit tilbod som vert drive i samsvar med lov om barnehagar (bhl) og godkjende føresegner, og i samsvar med kommunale vedtak.

Formannskapet har ansvaret for forvaltninga av barnehagane i kommunen, herunder tilsynet med barnehage. Formannskapet har administrasjon og sekretariat knytt til OKO etaten når det gjeld barnehagar.

4. SAMARBEIDSUTVAL OG FORELDRERÅD.

Barnehagen skal ha eit samarbeidsutval og eit foreldreråd (§§ 4 og 5 i bhl.).

- a) Samarbeidsutvalet (SU).

I vanlege kommunale barnehagar skal samarbeidsutvalet ha 3 medlemmer; 1 frå foreldrerådet, 1 frå dei tilsette og 1 frå eigaren.

Private barnehagar som får kommunalt tilskot, skal i tillegg ha 1 medlem frå kommunen i SU, vald for kommunestyreperioden.

Eigarrepresentanten vert vald for kommunestyreperioden, medan foreldrerepresentanten og dei tilsette sin representant skal veljast skriftleg på allmannamøte for eitt år om gongen.

Det skal og veljast varamedlemmer til SU.

I oppvekstsenter, der skule og barnehage er samla under felles leiing, skal SU vera felles for dei to institusjonane. SU skal då ha 9 medlemmer; 1 repr. for lærarane, 1 repr. for andre tilsette i skulen, 2 repr. for dei tilsette i barnehagen, 2 repr. for foreldrerådet i skulen, 2 repr. for foreldrerådet i barnehagen, og rektor for oppvekstsenteret.

SU skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Utvalet skal stimulera til eit godt samarbeid mellom heimane og barnehagen, og sjå til at tilbodet vert drive innafor ramma av lover, vedtekter og budsjett. Det er særleg viktig at barnehagen, saman med heimen, hjelper borna i overgangen heim – barnehage, og barnehage – skule.

SU skal fastsetja ein årsplan for den pedagogiske verksemda i barnehagen.

b) Foreldrerådet.

Alle foreldre som har born i barnehagen, utgjer foreldrerådet for dette tilbodet.

Foreldrerådet kan kvart år velja eit arbeidsutval, med leiar og medlemmer, alle med varamedlemmer.

Det skal haldast foreldremøte minst to gonger i året. I tillegg kan foreldra avtala møte med personalet. Elles er foreldra alltid velkomne innom i barnehagen.

5. OPNINGS- OG OPPHALDSTID.

..... barnehage er heiltidsbarnehage, og har ei opningstid på t/v. Minste opphaldstid/betalingstid i barnehagen er t/v. Maks opphaldstid/betalingstid i barnehagen er t/v. Barnehagen fylgjer eit normalt arbeidsår. Juli er feriemånad.

SU kan søkja Formannskapet om avvik frå regelen om juli som feriemånad.

6. OPPTAK I BARNEHAGEN.

Søknad om opptak i barnehagen skal skje på kommunen si heimeside.

Kommunalsjefen for OKO er opptaksinstans, og gjer vedtak etter gjeldande opptaksreglar, og på grunnlag av tilråding frå styraren ved den enkelte barnehage. Opptaket skjer om våren, og gjeld for eit barnehageår.

7. KLAGE.

Den kommunale klagenemnda er klageinstans. Klage på opptaket skal sendast via styrar til kommunalsjefen. Klagefrist er 3 veker frå motteken melding om opptaket.

8. FORELDREBETALING.

Betalingsssatsane for opphald i barnehagen vert kvart år vedtekne av kommunestyret. Det vert gitt syskenmoderasjon etter nærare reglar.

Foreldrebetalinga skal skje forskotsvis kvar månad (noko seinare i aug.).

Betalingsåret er 11 mnd., inkl. lovfesta planleggingsdagar for personalet. Det skal betalast for kvar påbyrja månad. Ved naudsynt fråver kan det søkjast fritak frå foreldrebetaling for den fråverstida som er over 4 samanhangande veker.

9. STØTTETILTAK.

Barnehagen skal halda god kontakt med PP-tenesta og skulekontoret for å kunne setja inn støttetiltak for dei borna som treng det.

10. HELSETILSYN.

Miljøretta helsevern har ansvaret for helsetilsynet. Barnehagen må retta seg etter dei reglar og føresegner som miljøretta helsevern til eikvar tid gjev om opphald i barnehagen, t.d. i samband med sjukdom.

Borna skal vera reine og praktisk kledde når dei møter fram. Barnehagen skal ha eigne reglar for korleis borna skal vera kledde til ulike aktivitetar.

11. LEIKE- OG OPPHALDSAREAL.

Barnehagen skal ha ei arealutnytting inne på min. 4 m² netto leike- og opphaldsareal pr. barn over 3 år, og min. 5 m² netto pr. barn under 3 år. Dette gjeld heildagsoppbald. Arealet ved alternative opningstider skal vurderast i forhold til denne utnyttinga.

OKO kan i visse høve dispensera frå denne regelen.

12. TAP AV BARNEHAGEPLASS, OPPSEIING.

Uregelrett frammøte, manglande betaling o.l., kan føra til at barnet mister plassen sin.

Skal eit barn slutta i barnehagen, må plassen seiast opp skriftleg med min. 1 mnd. varsel. Det må betalast for oppseiingstida (ein må i tillegg betala for påbyrja månad).

Ein kan ikkje avslutta barnehageopphaldet etter 1. april og kan derfor ikkje seia opp plassen etter denne dato, utan at det er sterke grunnar for det (flytting, sjukdom o.l.).

Delvis oppseiing av barnehageplass, t.d. 2 av 5 dagar i veka, kan berre skje når slik endring ikkje ville betydd noko ved det ordinære opptaket. Oppseiingsreglane gjeld då som ovafor.

Fråver skal alltid meldast til barnehagen.

13. FORSIKRING, ANSVAR.

Barnehagen har ansvar for borna medan dei er der, men ikkje på vegen til og frå barnehagen.

Det er utarbeidd eigne reglar om melding til heimen når barnehagen ynskjer å ta borna ut av barnehageområdet (turar, ekskursjonar o.l.).

Kommunen har ansvar for ulukkesforsikring av borna medan dei er i barnehagen.

14. OPPTAKSREGLAR.

I. GENERELT.

- Opptaksreglane gjeld for alle barnehagar i Finnøy med kommunalt tilskot.
- Barnehagane er godkjende for barn frå 0-5 år. Ved opptak av dei minste borna, skal ein i tillegg til dei vanlege opptakskriteria, også vurderer korleis barnehagen til ei kvar tid er tilpassa denne aldersgruppa, både når det gjeld areal, bemanning, gruppestorleik, praktisk tilrettelegging m.m.
- Søknadene skal rettast til barnehagen i den krinsen der ein bur.
- På Finnøy kan det søkjast alternativt til Utsyn, Hagatoppen og Talgje
Søknaden må då visa kva som er 1. val , 2. val og 3. val.
- Born som får plass i ein barnehage i Finnøy, vil ha denne plassen til dei byrjar på skulen eller til ein seier opp plassen. Det kan kvart år søkjast om endring av dagar eller byte av barnehage. Søknad om endringar eller byte, vil bli behandla etter barnehagevedtektene sine opptakskriterium.
- Dei borna som ikkje får plass ved opptaket, eller får anna tilbod enn dei primært har søkt (annan barnehage eller anna opphaldstid), vert sett på venteliste, og får stå der så lenge dei ynskjer. Den som står øvst på ventelista til ei kvar tid, får først førespurnad ved ledig plass, uavhengig av kva dei primært har søkt.
- Opptaket kan klagast til den kommunale klagenemnda. Ein evt. klage skal sendast via kommunalsjefen.
- Byte av barnehageplass etter at opptak er gjort, kan berre skje når det er gode grunnar for det, og i samråd med styrar og kommunalsjef.
- For seint innkomne søknader vert til vanleg sett nedst på ventelista. Det kan gjerast unntak frå denne regelen.
Born som har flytta til kommunen etter søknadsfristen, og born som har fått endra situasjonen sin under opptaksprosessen, skal til ei kvar tid vurderast i forhold til opptakskriteria når det gjeld ledig plass, eller plass på venteliste.
- Det kan takast pedagogiske omsyn ved gruppesamansetjinga i ein barnehage, dersom opptakskriteria gjev ei for skeiv aldersfordeling i ei gruppe..
- Sysken skal så langt mogleg få plass i same barnehage og på same dagar.

- Ved innføring av skulefritidsordningar i kommunen, kan det vera aktuelt å kombinera dette tilbodet (1. – 4. kl.) med opphald i barnehagen, særleg i oppvekstsentra, så langt plass, bemanning og forholda elles ligg til rette for det.

II. OPPTAKSKRITERIUM I PRIORITERT REKKJEFYLGJE.

1. Born med funksjonshemmingar, så sant dei etter fagleg tilråding kan få eit tilpassa opplegg for opphaldet. Det er foreldra som avgjer endeleg om barnet kan ha nytte av opphaldet.
2. Born frå heimar med kronisk sjukdom, der barnehagen kan vera ei avlastning for heimen. Denne regelen vert berre brukt om det ligg føre ei klar melding frå lækjar om at eit opphald i barnehage i så måte vil gagna heimen.
3. Born frå heimar med store omsorgsvanskar, der barnehageplass er eit naudsynt hjelpetiltak, og der det føreligg ei klar melding frå barnevernet om denne situasjonen, og om behovet for plass i barnehage.
4. Heilårsopphald går føre delårsopphald.
5. Born som alt har plass, går føre nye søkjarar.
6. Born som har plass i annan kommunal barnehage går føre nye søkjarar.
7. Born av einslege søkjarar.
8. I heildagsbarnehagar går born med heiltidsopphald føre born med korttidsopphald for inntil 5 plassar pr. barnehage, inkl. dei som har fått slik plass etter kriteria ovafor. Hagatoppen barnehage er unnateke denne regelen.
9. Framandspråklege born, som etter fagleg tilråding kan få eit tilpassa opplegg i barnehagen.
10. Eldre barn går føre yngre.

Vedtektene er endra etter vedtak av formannskapet FSK- 021/05 . Punkt 2 er revidert av pedagogisk konsulent etter barnehagelov endring 2011.08.16

